

Sjå - og lev!

Bilder: Phillip Medhurst Collection og Rembrandt

Johannes 3:13-15 «Ingen har stige opp til himmelen utan han som steig ned frå himmelen: Menneskesonen, som er i himmelen. Og slik Moses lyfte opp ormen i øydemarkka, slik må Menneskesonen lyftast opp, så kvar den som trur på han, skal ha evig liv».



4.Mosebok 21:6 «Då sende Herren seraformar inn mellom folket. Dei beit folk, og mange av israelittane døyddde».



Hosea 11:1-4 «Då Israel var ung, hadde eg han kjær. Frå Egypt kalla eg sonen min. ² Jo meir dei [profetane] kalla på dei, jo meir gjekk dei bort frå dei. Dei ofrar til Ba'alane og brenner røykjelse for dei utskorne bilda. ³ Og det var då eg som lærde Efra'im å gå og tok dei på armane mine. **Men dei skjøna ikkje at eg lækte dei.** ⁴ **Med menneskeband drog eg dei, med kjærleikens reip.** For dei var eg lik slike som lettar åket over kjakane, og eg gav han føde».



Salme 50:1 «Den Allmektige, Gud Herren, talar og kallar på jorda frå sola står opp til ho går ned».



Det hjelpelause ropet i ørkenen:
«Moses, bed Herren at han må ta
slangane bort frå oss!»

Herren sa til Moses: «Lag deg ein
serafslange og set han på ei
stong! Alle som blir bitne, skal sjå
opp på han. Då skal dei leva.»



2.Korinterbrev 5:21 «Han som
ikkje visste av synd vart gjort til
synd for oss for at vi skulle bli
rettferdige i han»



Jesaja 53:5-6 «Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, så vi skulle ha fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom. ⁶ Vi fór alle vilt som sauer, vi vende oss kvar til sin veg. Men Herren lét råka han det som vi hadde skuld i alle».



«Se, se, se og lev! Det er liv i å se på det Golgata kors, Ja, just nu er det liv og for deg».

